

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# FORVALTNINGSREVISJON

---

STRANDA KOMMUNE

Kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa

NOVEMBER 2022

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utførar rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapporter frå Møre og Romsdal Revisjon SA kan lastast ned på vår heimeside:

[www.mrrevisjon.no](http://www.mrrevisjon.no)

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedtatt bestilling fra kontrollutvalet i Stranda kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisionsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

Rapporten summerer opp resultata frå Møre og Romsdal Revisjon SA si undersøking om kvalitet og ressursbruk i Stranda kommune. Revisjonen er utført av Anne Kristin Bryne, Kurt Anders Løvoll og Ingrid Walstad Larsen i perioden april til oktober i 2022.

Vi ønskjer å takke alle som har bidratt til denne forvaltningsrevisjonen.

Ålesund, 08.11.2022

Kurt Anders Løvoll

Oppdragsansvarlig revisor

Ingrid Walstad Larsen

Forvaltningsrevisor

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## SAMANDRAG

Denne forvaltningsrevisjonen handlar om kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa og spesialundervisning i Stranda kommune, og er gjennomført etter bestilling frå kontrollutvalet.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje om Stranda kommune tilbyr tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med lov og tilrådingar, og om dei har undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrav for undervisning. I tillegg har vi gjort ein kartlegging om skolemiljøet i kommunen.

Vi har henta inn faktaopplysningar knytt til rutinar på skuleeigarnivå og skulenivå om at dei elevane som treng det får intensivopplæring, korleis denne organiserast etter regelverket, at eleven får gje uttrykk for eigne synspunkt, foreldresamarbeid og at elevane får undervegs-vurdering. Vi har sett på om kommunen gjennomfører dei overordna vurderingane av opplæringstilbodet, og vi har gått gjennom opplysningar på kompetansekrav og kartlagt kva som gjerast med skolemiljø.

## PROBLEMSTILLINGAR

Problemstillingane for forvaltningsrevisjonen er:

- *Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?*
- *Har Stranda kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?*
- Kartlegging: Om skolemiljø i Stranda kommune

## METODE

Vi har henta inn både munnleg og skriftleg informasjon og dokumentasjon frå Stranda kommune.

Det er intervjua kommunalsjef, tre rektorer og det er snakka med leiar for PP-tenesta. Det er gjennomført ein stikkprøvekontroll og dokumentanalyse. Vi har gått gjennom skriftlege prosedyrar, rutinar, planar, malar, skjema og rapportar. Alle dokumenta som er gjennomgått i denne rapporten ligg i vedlegg 2.

Vi meiner at data som er henta inn og nytta i rapporten samla sett er pålitelege og gyldige. Dette gir eit forsvarleg grunnlag for våre vurderingar og konklusjonar.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## KONKLUSJONAR

Etter vår vurdering gjer Stranda kommune mykje bra innan tilpassa opplæring i ordinær undervisning. Lærarane tar kartleggingsprøver og testar gjennom året for å vurdere læringa til eleven. Skulane har uformelle, og formelle samtalar med elevane og dei føresette.

Vi konkluderer med at lærarane gjev elevane både skriftlege og munnlege undervegs-vurderingar. Dei gjev tilbakemeldingar om eleven sine styrker, og kva dei må arbeide med når det kjem til det faglege, på sosiale tema og deira åtferd. Lærarane gjer mykje for elevane i klasserommet, gjennom samtalar, foreldremøte og tverrfagleg samarbeid knytt til tidleg innsats.

Arbeidet som blir gjort er slik vi ser det i større eller mindre grad knytt til systematiserte rutinar. Dokument vi har samla inn, viser at sjølv om kommunen har fleire rutinar og dokument, har dei etter vår vurdering ikkje overordna rutinar på intensivopplæring. Med det meiner vi at arbeidet kring tidleg innsats ikkje er sett i system på eit overordna nivå. Vi klarar ikkje å sjå at det er ein overordna målsetting eller system for å hjelpe elever på eit tidleg stadium.

Vi kan sjå at kommunen har ein plan for foreldresamarbeid, og at dei føresette blir involvert i det som har med eleven å gjere. Vi ser at kommunen har økt fokus på barnet si stemme, men at det ikkje alltid er lett å dokumentere at barnet si stemme blir hørt for dei minste barna.

Vi meiner at det er bra at skulane har fokus på at eleven skal bli høyrd i tråd med barnekonvensjonen.

Våre undersøkingar viser at skulane ikkje fyller krav til kompetanse. Rektorane ved skulene og kommunalsjef fortel om krevjande rekruttering til skulane, noko som går ut over krav til kompetanse.

I det siste kapittelet har vi henta inn informasjon om Stranda kommune sitt arbeid med skulemiljø. Det er laga eit omfangsrik, skriftleg system for å ivareta skulemiljøet, og vi ser at dette har dei jobba mykje med.

## TILRÅDINGAR

På bakgrunn av våre funn, vurderingar og konklusjonar, vil vi rá til at Stranda kommune vurderer å:

- Utarbeide felles skriftlege rutinar for intensivopplæring på skulegarnivå og skulenivå.
- Prioritere å ferdigstille og legge ut årshjul om kartlegging/overordna dokument i Compilo slik at det er tilgjengeleg for alle skulane.
- Evaluere og kvalitetssikre flytskjemaet «Skjema for samarbeid mellom skule og PPT» for å sikre godt samarbeid mellom skulane og PPT.
- Kartlegge om det er tiltak som no blir gitt som spesialundervisning, som heller kan bli gitt som tilpassa opplæring i ordinær undervisning.
- Ferdigstille tilstandsrapport for skuleåret 2021/2022.
- Arbeide vidare med å rekruttere kvalifisert personale, og at det klargjerast kva slags lærarar som skal registrerast i GSI, slik at alle skulane gjer det likt.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## INNHOLD

1	INNLEIING.....	1
1.1	Bakgrunn og bestilling.....	1
1.2	Problemstillingar.....	1
1.3	Revisjonskriterium .....	1
1.4	Metode.....	2
1.5	Om grunnskulane i stranda kommune .....	4
1.6	Viktige omgrep som blir nytta i rapporten .....	4
2	TILPASSA OPPLÆRING I ORDINÆR UNDERVISNING.....	6
2.1	Faktagrunnlag .....	6
2.2	Våre vurderingar .....	16
3	KOMPETANSEKRAV .....	20
3.1	Faktagrunnlag .....	20
3.2	Våre vurderingar .....	22
4	OM SKULEMILJØ I STRANDA KOMMUNE.....	23
4.1	Om skulen si aktivitetsplikt .....	23
4.2	Funn.....	23
4.3	Våre kommentarar.....	25
5	KONKLUSJONAR OG ANBEFALINGAR .....	26
6	HØYRING .....	28
7	REFERANSELISTE .....	28
	VEDLEGG 1: UTLEIING AV REVISJONSKRITERIUM .....	29
	VEDLEGG 2: DOKUMENTANALYSE .....	32
	VEDLEGG 3: EIGENVURDERING ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE LÆRINGSMiljØ .....	33

## 1 INNLEIING

Intensiv opplæring er meint å vere ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det skal vere ein kortvarig og målretta innsats frå skulen i lesing, skriving eller rekning for elevar som har behov for det. Målet er at elevar som treng det, raskt skal få eigna støtte og oppfølging slik at problema ikkje får moglegheit til å utvikle og forsterke seg videre i opplæringsløpet (Udir 2018). Eit grunnleggjande problem i skule-Noreg er at læringsutfordringar som oppstår tidleg, i for stor grad får utvikle og forsterke seg over tid. For elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter, er det derfor viktig å forsterke den tidlege innsatsen. Det vil og kunne førebyggje tal på elever som blir meld til PPT for sakkyndig vurdering og dertil spesialundervisning.

Ferdigheiter i lesing, skriving og rekning er viktig for den framtidige læringa og meistringa til eleven. Disse ferdighetene er viktige seinare i arbeids- og samfunnslivet. Dersom det ikkje blir sett i verk tiltak tidleg i opplæringsløpet, blir forskjellane i læringsutbytte mellom elevane forsterka – og desse blir større utover i opplæringsløpet. God og kompetent hjelp så tidleg som mogleg vil vere god ressursutnytting (Udir 2018).

### 1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Stranda kontrollutval vedtok i sak STKU 03/22 å bestille ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa. Prosjektplanen vart vedtatt i sak PS 09/22 den 29. mars 2022.

### 1.2 PROBLEMSTILLINGAR

Problemstillingane for forvaltningsrevisjonen er:

- *Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?*
- *Har Stranda kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?*
- Kartlegging: Om skolemiljø i Stranda kommune

### 1.3 REVISJONSKRITERIUM

Problemstillingane blir svart ut gjennom revisjonskriterium. Revisjonskriteria er utarbeidd frå desse kjeldene, og er utleidd i vedlegg 1.:

- Kommunelova (§25-1)
- Forvaltningslova (§11a)
- Opplæringslova (§1-5)
- Banelova (§31)
- Barnekonvensjonen artikkel 12
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Intensivopplæring for elever frå 1.-4. trinn»
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Spesialundervisning»
- Tilsetting og kompetansekrav (Udir 2021)

- Rettleiar: Internkontroll i kommunesektoren (Regjeringen 2021)
- Kommunedirektørens internkontroll – orden i eget hus? KS (2020)

### Problemstilling 1:

*Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?*

Revisjonskriteria kommunen er vurdert opp mot er:

- Stranda kommune skal på skuleeigarnivå og på skulenivå ha ein rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring.
- Den intensive opplæringa skal organiserast etter regelverket.
  - Eleven skal ha rett til å gje uttrykk for synspunkt som gjeld barnet. Synspunkta til barnet skal bli tillagt vekt i samsvar med alder og modenhet.
  - Skulene skal ha ein plan for foreldresamarbeid.
  - Elevane i Stranda kommune skal ha undervegs-vurdering i faga.
- Kommunen skal gjennomføre dei overordna vurderingane av opplæringstilbodet som:
  - Årleg tilstandsrapport.
  - Elevundersøkingar.
  - Deltaking i nasjonale prøver og etterarbeid av desse.
  - Elevane skal involverast i denne vurderinga.

### Problemstilling 2:

*Har Stranda kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?*

Revisjonskriteriet kommunen er vurdert opp mot er:

- Stranda kommune skal ha undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen.

Det siste kapittelet er ein kartlegging av korleis Stranda kommune arbeider med skolemiljøet. Sidan det er ei beskrivande del, vil denne ikkje innehalde revisjonskriterium.

## 1.4 METODE

Undersøkinga er basert på *NKRF – Kontroll og tilsyn i kommunene* (NKRF 2020) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Vi har henta inn data gjennom intervju, dokumentanalyse og mappegjennomgang. Ved å kombinere ulike metodar for å belyse aktuelle område kan vi få skildringar frå ulike synsvinklar. Ein slik triangulering av kjelder, det vil seie bruk av fleire ulike metodar for å sjå nærmare på problemstillingane, vil styrke dei data som er samla inn kvaliteten til rapporten (validitet). Desse metodane for datainnhenting gir oss eit meir samansett og breiare innblikk i verkelegheita (RSK 001,

Knudtzon og Amundsen 2006). Dersom inntrykket av eit område er det same ved å bruke ulike metodar, blir kvaliteten og gyldigheita til undersøkinga styrka. Vår vurdering er at vi har henta inn data i tilstrekkeleg omfang til å svare ut problemstillingane.

Rapporten har vore på faktasjekk og høyring i Stranda kommune, og det vart gjennomført eit faktasjekkmøte 1. november 2022. Høyringsrapporten vart sendt ut 3. november 2022. Stranda kommune hadde ingen kommentarar til framlagt høyringsrapport.

---

## INTERVJU

Oppstartsmøte vart gjennomført 19.04.2022 med kommunedirektør, kommunalsjef for oppvekst, oppdragsansvarleg og utførande forvaltningsrevisor.

Intervju har vore gjennomført i juni på teams og fysisk oppmøte. To av rektorane har etter at dei vart intervjuet slutta. Referat frå intervjuet er lest gjennom av dei involverte og verifisert, med unntak av eitt intervju på grunn av sjukmelding. Informasjonen frå dette referatet er gjennomgått med kommunalsjef.

Vi har også snakka med einingsleiar ved pedagogisk- psykologisk- teneste på telefon. Det er skrive referat frå denne samtalen som er verifisert.

Kommunen har også fått rapporten til faktasjekk, slik at dei har hatt moglegheit til å sjekke at faktagrunnlaget til rapporten er rett. Tilbakemeldingane frå verifisering av intervju og faktasjekk har vore nyttige for kvalitetssikring av rapporten. Dette har styrka rapporten sin kvalitet, ved at fakta som er bruk i fleire omgangar har blitt gjennomgått av dei involverte partane. På den måten blir det mindre rom for misforståing eller feiltolkning i rapporten.

Vi har motteke alle ønska dokument og svar på våre spørsmål frå dei vi har intervjuet eller hatt samtalar med i dette prosjektet

---

## DOKUMENTINNHENTING OG STIKKPRØVEKONTROLL

Eit område for undersøking vi tok for oss var underveis-vurderingar av elevar. Vi spurde dei tre rektorane om å sende ut klasselister frå eit utval (2.klasse og 4.klasse frå skuleåret 2021/2022). Gjennom ein tal-generator vart det tatt ut to tilfeldige elevar frå kvar klasse som skulane sendte vurderingar av per post/Digipost. I dei klassane som hadde fleire kontaktlærarar, fekk vi sjå underveis-vurderingar frå elever frå ein av kvar lærar.

Vi vurderte det som tilstrekkeleg å hente inn 12 underveis-vurderingar frå dei tre skulane. Enkelte klassar hadde mange elevar, og enkelte klassar hadde få elevar. Det vil seie at vi berre får oversikt over nokre av underveis-vurderingane som blir gitt i dei store klassane, mens vi får ein god oversikt over om dei blir gitt i dei små klassane. Sidan utvalet var tilfeldig meiner vi at vi kan få eit innblikk i om underveis-vurderingar blir gitt, sjølv om vi ikkje har sett på alle. Stikkprøvekontrollen gir oss også eit bilet av korleis underveis-vurderingane blir gitt.

Dokument som vi har gått gjennom i samband med denne forvaltningsrevisjonen er lista opp i sin heilheit i vedlegg 2.

## 1.5 OM GRUNNSKULANE I STRANDA KOMMUNE

Det bor 4463 innbyggjarar i Stranda<sup>1</sup>. Stranda kommune har fire grunnskular. I skuleåret 2022-2023 er det totalt 422 elevar. Grunnskulane i Stranda kommune er organisert under kommunalsjef for oppvekst. Elevmassen fordeler seg slik:

Geiranger skule:	20	(1.-10. trinn)
Ringstad skule:	231	(1.-7. trinn)
Sunnylven skule:	62	(1.-10. trinn)
Stranda ungdomsskule:	109	(8.-10. trinn)

## 1.6 VIKTIGE OMGREP SOM BLIR NYTTA I RAPPORTEN

Revisjonskriterier	Dei krav, normer og standarar som kommunen skal vurderast opp mot.
<b>Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis</b>	Kompetanseløftet er eit tiltak for leiinga og tilsette i barnehagar, skuler og PP-tjenesta. Det skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpen er tett på dei barna som har behov for det. Målet er at alle barn og unge opplever eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule. Les meir her: <a href="https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokalkompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/#a183004">https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokalkompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/#a183004</a>
<b>Tidleg innsats</b>	Ein del av arbeidet med inkluderande praksis som skal prege det allmennpedagogiske oppleget gjennom barnehage og skulen.
<b>Spesialundervisning og tilpassa opplæring</b>	Elever som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, har rett på spesialundervisning. Å tilpasse opplæringa betyr at det blir lagt til rette med varierte vurderingsformar, læringsressursar, læringsarenaer og læringsaktiviteter slik at alle får tilfredsstillande utbytte av opplæringa.
<b>Intensiv opplæring</b>	Frå 2018 ble det bestemt at skulane skal sørge for at elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt skal få tilbod om intensiv opplæring. Opplæringa kan bli gitt som eineundervisning i ein kort periode. Det føreset at omsynet til eleven sitt beste taler for det.
<b>Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)</b>	Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvane til tenesta.

<sup>1</sup> Pr. 2. kvartal 2022

---

<b>Tilvising PPT</b>	Eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng. Undervisningspersonalet skal vurdere om ein elev treng spesialundervisning, og melde frå til rektor når slike behov er til stades. Skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering.
<b>Sakkunnig vurdering</b>	PP-tenesta undersøker og gir ei tilråding til skulen om eleven har behov for spesialundervisning eller ikkje.
<b>Individuell opplæringsplan (IOP)</b>	Alle elever som får spesialundervisning skal ha ein IOP. IOP skal byggje på enkeltvedtaket om spesialundervisning. IOP skal bidra til å sikre at eleven får eit likeverdig og tilpassa opplæringstilbod.

---

## 2 TILPASSA OPPLÆRING I ORDINÆR UNDREVISING

Hovudproblemstillinga i dette kapitelet er:

**Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?**

- Stranda kommune skal på skuleeigarnivå og på skulenivå ha ein rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring.
- Den intensive opplæringa skal organiserast etter regelverket
  - Eleven skal ha rett til å gje uttrykk for synspunkt som gjeld barnet. Synspunkta til barnet skal bli tillagt vekt i samsvar med alder og modenhet.
  - Skulene skal ha ein plan for foreldresamarbeid.
  - Elevane i Stranda kommune skal ha undervegs-vurdering i faga.
- Kommunen skal gjennomføre dei overordna vurderingane av opplæringstilbodet som:
  - Årleg tilstandsrapport.
  - Elevundersøkingar.
  - Deltaking i nasjonale prøver og etterarbeid av desse.
  - Elevane skal involverast i denne vurderinga.

### 2.1 FAKTAGRUNNLAG

#### SKULANE SI ORGANISERING

Ringstad skule mottek barn frå 4 barnehagar. Dei to siste åra har ikkje skulen hatt klassedeling på 1. trinn. Den har vore organisert som ei stor gruppe med to kontaktlærarar. Det har gitt moglegheit til utprøving av ulike grupper av elevar. Skulen har ønskje om at kvart trinn er organisert slik frem til og med 4. klasse. Då får dei prøvd ut ulike modellar for læring, og kan organisere ut frå elevane sitt behov. Skulen nyttar i hovudsak assistenter i småskulen – på mellomtrinnet blir det mykje miljøterapeutar. I tillegg er ein av lærarane spesialpedagog. Hen er spesialpedagog men tilsett som lærar, og følgjer for tida elevar som er på mellomtrinnet. Denne læraren er ikkje særskilt knytt til småskulen, men dei nyttar hen på småskulen så mykje dei kan.

Den økonomiske ramma på Ringstad skule er ei utfordring i følgje rektor. I 2023 skal dei ned på 2020-nivå økonomisk. Skulen har hatt ein høg del elever med rett til spesialundervisning. På kvart av trinna har dei elevar med diagnose innan autismespekteret. Skulen har også 15 elevar med enkeltvedtak om rett til særskild språkopplæring. Skulen har hatt eit ønskje om innføringstilbod for disse elevane.

Stranda kommune har ein to-nivå modell der einingsleiarane har eige budsjettansvar.

Rektor ved Geiranger skule fortel at skulen tidlegare fekk tildelt ressursar ut ifrå klassesstorleik. No er fokus retta mot kva som vil vere eit forsvarleg tilbod for elevane, og det blir lagt til grunn ei totalvurdering for kvart budsjettår. Skulen er i stor grad sjølvstyrt, der mykje er delegert frå kommunaleiing ut til rektorane. I det ligg også at rektor må vere tydeleg og synleggjere kva behov dei har. Skulane i kommunen er ulike og dei har eit stort spenn i organisering og tenesteutvikling.

Kommuneleiinga stiller sine krav til innrapportering, og dei har ikkje noko felles årshjul for alle saman. Rektor meiner at det skulle det ha vore, og at det med fordel skulle ha vore skriftleg.

---

## TIDLEG INNSATS

I tilstandsrapport for grunnskulen 2021 står det kva tiltak som er satt i verk i kommunen:

*Arbeidet med å sjå på kva som har verknad på barn og unge si læring og det tverrfaglege samarbeidet er oppstarta gjennom prosjektet ABSOLUTT. I tillegg skal ein inn i et kartleggingsarbeid saman med Høgskulen i Volda mtp kompetanse og behov framover i forbindelse med Kompetanseløftet. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis. Målgruppen er ansatte i barnehage og skole, barnehage- og skoleeiere, ansatte i PPTjenesten og andre tverrfaglige tjenester i kommunen og fylkeskommunene.*

*Prosjektet skal gi svar på kva kompetanse vi har og kva vi må ha i framtida. Samstundes skal det kartleggast kva som er forventa ligg i det ordinære tilbodet og kan gjevast som tilpassa opplæring. Dette for å snu «trenden» frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.*

Einingsleiar for PPT fortel i samtale at det i førtildelingsfasen ligg eit handlingsrom som ein med fordel må bli flinkare å utnytte. Det bør vere ein systematisk analyse av korleis dei organiserer opplæringa og vurderer læringsutbytte til elevane. Det er ikkje ein god praksis i handlingsrommet, og det finns også moglegheit for meir samhandling med skulane. Einingsleiar for PPT fortel at det fordrar at dei har tid til det, og skulane må også sette av tid til det. Viss dei skal nå målsettingane i ABSOLUTT-prosjektet, så bør det gjerast noko her.

Gjennom ABSOLUTT-prosjektet ønskjer ein å arbeide for å bevisstgjere på alle nivå dei rammefaktorane som må ligge til grunn for at eit barn skal ha gode vilkår for å utvikle seg i Stranda kommune. Det er i følgje einingsleiar sett i gang viktige prosessar som må bli ført vidare, også etter prosjektperioden.

Einingsleiaren tok opp om ein kan overføre nokre av metodane innanfor spesialundervisning til tilpassa opplæring? I barnehagen har dei teiknstøtte til kommunikasjonen, ASK. Dette gjer dei innanfor det ordinære. Det kunne vore nokre spesial-metodiske grep som heller kunne ha vore ein del av tilpassa opplæring.

Eit døme er dysleksi. Med kompetanseheving og spesifikt systemarbeid kunne fleire elevar med dyslektiske vanskar fått hjelp innanfor den ordinære opplæringa. Einingsleiaren meiner det nok finns fleire dømer, og spør om det kunne vore aktuelt med ein kartlegging av dette. Dette er noko dei har diskutert, men ikkje arbeidd systematisk med.

Kommunen har satt i gang ein prosess for å omorganisere tenesta, mellom anna på bakgrunn av ABSOLUTT-prosjektet og KOSIP-undersøkinga. Det blir no lagt fram sak om dette til politisk handsaming.

---

## TVERRFAGLEG SAMARBEID

Stranda kommune har retningslinjer for tverrfagleg samarbeid mellom barnehagar/skular, barnevern, PPT, helsestasjon og koordinerande eining. Føremålet er at «barnehage og skule skal ha eit fora der

ulike bekymringar blir tatt opp, og der anonyme eller saker med fullt namn, kan drøftast tverrfagleg». I retningslinjene står det videre:


- *Møtet skal også vere et fora for fagutvikling, der samarbeidspartane blir nærmere kjent med kvarandre, arbeidsområde, lovverk og ulike faglege tema kan drøftast etc.*
- *Alle har ansvar for at tverrfaglege møte fungerar etter intensjonene:*
  - styrke og ivareta det tverrfaglege samarbeidet
  - fange opp problem på et tidleg stadi

Føresette møter når det er aktuelt. Det er styrar eller rektor som er ansvarleg for å invitere føresette når det er aktuelt og elles hente inn samtykke.

I retningslinjene står det at drøfting kan skje med føresette til stades, eller med namn der foreldre/føresette har gitt skriftleg samtykke, eller drøftinga kan skje anonymt. Vidare står det at «*ved drøfting av bekymring deltek også tilsette som har førstehands kunnskap om barnet. Denne/desse forlet møtet når saka er drøfta.*». Det skal vere 3-4 møte per år, og møteplan blir utarbeidd kvar haust.

I Compilo ligg det eit skjema for samarbeid mellom skule og PPT. Det er eit flytskjema for ordinær tilpassa opplæring med eller utan spesialundervisning, og korleis den kontinuerleg vurderinga av læringsutbytte skal gjerast. I bekymringsfasen hjå ein elev, skal organisering, arbeidsmåtar og vurderingsformer kartleggast. Det skal settast i gang tiltak, og desse skal evaluerast. I bekymringsfasen kan PPT vere prosessrettleiar og drøftingspart etter skulen sitt initiativ. Eleven drøftast anonymt eller med samtykke frå føresette. Skulen kan be om systemrettleiing og/eller avgrensa utgreiing. Viss tiltak ikkje gir eit tilfredsstillande læringsutbytte, sjølv med tilpassingar i ordinær undervisning, skal dette meldast til rektor som bestemmer om eleven skal tilvisast til PPT.

## Skjema for samarbeid mellom skule og PPT



Figur 1: Stranda kommune sitt skjema for samarbeid mellom PPT og skule

I skjemaet står det at skulen kan be om systemrettleiling frå PPT. Det finns eit eige skjema for dette i Compilo. Skulene kan bestille systemarbeid knytt til kompetanseheving og utviklingsarbeid, til dømes «tiltak knytt til §9a i Opplæringslova, hjelp til oppfølging av læringsmiljø, lærarrettleiling eller anna». Når det gjeld kompetanseheving av tilsette kan dette vere *"Spesifikke fagvanskar som t.d. Språk/lese/skrive, matte, åtferd, generelle lærevanskar, eller anna (til dømes spesifikke diagnosar)"*.

Einingsleiar ved PP-tenesta fortel at kommunikasjonen mellom skulane og PPT er blitt betre. I 2019 vart det gjennomført ein ROS-analyse, der ulike utfordringar pp-rådgivarane møter vart gått gjennom. Det er i dag eit betre kommunikasjonsklima mellom PPT og skulane. Dei forstår kvarandre betre, og har avklart meir forventningar til kvarandre. Det er etablert ein trygg og god kultur for kommunikasjon. Einingsleiar har god forståing for utfordringane til kvarandre. Det er mogleg at flytskjemaet for samarbeid har hatt ringverknadar. PP-leier har vore på skulane og lagt fram flytskjemaet, og personalet hadde då høve til å stille spørsmål. Det har blitt ryddigare, og det er færre misforståingar. Skulane stiller spørsmål raskare om det er noko dei lurer på. Einingsleiar for PPT seier vidare at flytskjemaet bør evaluerast og kvalitetssikrast til å bli betre.

Kommunalsjef for oppvekst seier i intervju at skulane har stor nytte av PPT.. Dei har tett dialog, og har faste tider dei kan treffast på skulane. I følgje kommunalsjef gjer dette at dei tilsette kan ha tett dialog med PPT for elevar som ein tidleg ser ikkje får full utbytte av opplæringa i lesing, skrivning og rekning. Kommunalsjef fortel at det kan vere ein fordel å ha drøfta ein sak før ein startar med

intensivopplæring for dei som heng litt etter. Det gir moglegheit for at PPT kjappare kan starte si utgreiing dersom ein elev blir tilvist til dei.

Rektor på Sunnylven skule seier også at dei har eit godt samarbeid med PPT. Dei er ikkje faste dagar på skulen, men er lett tilgjengelege pr telefon eller digitalt til samråding og drøfting av både elev- og systemsaker. Ved behov, kjem dei på besøk til skulen.

---

### VISMA FLYT SKULE

Frå 2023 skal alle skulane nytte Visma Flyt skule til undervegs-vurdering. Kommunalsjef for oppvekst fortel at kommunen no ikkje har nokon standard på kor undervisningsopplegga til kvar lærar blir lagra, men at dette, og halvårvurderinga, skal inn i Visma Flyt skule når det kjem på plass. Læraren kan då publisere denne til føresette, slik at føresette kan lese det før dei har foreldresamtale. Lærarane har også fått ein delt disk for intern deling av dokument.

Rektor på Ringstad skule fortel at kontaktlærar har sine eigne notat for kvar av elevane. Det er ikkje alt som blir sendt skriftleg til føresette, men det blir formidla munnleg på kontaktimar. Lærer lagrar dette i Google, og dei har eigne klassemapper der. Det er ikkje alt som blir arkivert i Web-sak/ Visma. Frå hausten 2022 skal notat om elevane lagrast i Visma. Kontaktlærar kommuniserer med føresette via Visma flyt. Etter kvart vil også halvårsrapportane bli lagt til der.

---

### ELEVEN SI STEMME

Rektor ved Ringstad skule fortel at skulen organiserer kvardagen slik at det er mogleg å ta ut elevar i mindre gruppe og gi dei tilpassa opplæring. Elevane får da gje uttrykk for sitt syn på det.

Også elever som mottek særskild språkopplæring blir tatt ut i mindre gruppe (når det passar) etter eigen plan. Det blir gjort små diktat med elevane, utan at det er noko meir formalisert. Det gir lærar eit grunnlag for å vurdere utbytte av opplæringa, og kor langt eleven er komen.

Einingsleiar for PPT seier at PPT stiller spørsmål til skulane om vurdering av læring. Dei spør kva som er prøvd ut, og kva eleven har fått ut av det. Dette etterspør dei når dei skriv sakkunnig vurdering. PPT sluttfører ikkje ein rapport før dei har snakka med eleven.

Tilbakemeldingane frå dei vi har snakka med er at dei prøver å inkludere eleven sitt synspunkt i skulekvardagen, mellom anna gjennom å spørje om korleis det går fagleg og sosialt, og snakke med dei om kva som fungerer bra og ikkje så bra.

Kommunalsjef fortel også at skulaen er opptekne av kva barnet ønskjer når det kjem til tilpassa opplæring. I dei høve barnet ikkje ønskjer å bli teke ut av klasserommet, tek dei omsyn til det.

---

### SAMARBEID MED FØRESETTE

Tidlegare rektor ved Sunnylven skule fortel at skulen har nær dialog med alle føresette. Dei har kontaktmøte med alle før haustferien. Viss skulen ser at ein elev ikkje får godt nok læringsutbytte, blir bekymringa først drøfta med dei føresette. Skulen gjennomfører så ein «screening» med Carlsten og vidare ei kartlegging med Språk 6-16 dersom ein er urolege for resultat til eleven. Deretter kan det vere behov for å melde til PPT. Sunnylven skule har 2 samtalar med føresette pr år. For elevar med rett til spesialundervisning, er det fleire.

På Geiranger skule fortel rektor at halvårsrapportane til elevane blir drøfta med dei føresette, og denne dokumenterast. Dei føresette blir orientert om resultata frå dei nasjonale kartleggingane på 1. og 3.trinn, og Carlsten kartleggingsprøve på 2.trinn og oppover. I intervju opplyser rektor at skulen har leksehjelp på 1.-4. eller utvida skuledag for alle trinn, og har ei tydeleg forventning til heimen om oppfølging. Det blir forventa at heimen ser over leksene heime, og at dei leggast i skulesekken, at elev les leseleksa i begynner-opplæringa 3-5 gongar pr (veke) dag. Skulen følgjer opp dette på samtalane med dei føresette. Dei har foreldresamtalar i januar og juni, i tillegg til eit møte med dei føresette ved skulestart.

Ringstad skule fortel at dei har foreldremøte for kvar klasse ved skulestart. Nye føresette blir kalla inn på møte i februar, for informasjon om skule og SFO. Som oftast er kontaktlærarar for inneverande 1.trinn med på møtet, og fortel om skulekvardagen. Helsesjukepleiar er også med på dette informasjonsmøtet. Nye elevar og føresette blir invitert til skulen ein laurdag i juni for å helse på lærarane sine og for å bli litt kjende inne og ute.

Stranda kommune har ein vurderingspraksis for skulane i Stranda. I den står det at det skal gjennomførast elevsamttale/fagsamtale minst ein gong kvart halvår med elevane, og at denne samtalen kan leggjast til foreldresamtalen. Vidare står det at foreldre/føresette skal kallast inn til samtale minst to gongar i året: *"Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga.* I tillegg står det at dei av skulane som ikkje fast gjev skriftleg vurdering til heimen, pliktar å opplyse foreldra om retten til å få vurderinga skriftleg: *"Når skolen eller heimen meiner det er formålstenleg, kan skriftleg melding nyttast i tillegg.*

---

## UNDERVEGSVURDERING

Eit viktig verkemiddel for å fremme læring og tilpasse opplæringa, er undervegs-vurdering. Alle elevar har rett til slik vurdering. Denne kan formidlast munnleg eller skrifteleg, og den skal brukast til å vurdere om den einskilde elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa eller undervisninga.

Stranda kommune har ein rutine for vurderingspraksis for skulane i Stranda. I den står det at:

- *Alle faglærarane nyttar gjennom året både skriftleg og munnleg undervegsvurdering med sikte på fagleg framgang jfr § 3.11 "Undervegsvurdering skal gis løpende og vere både skriftleg og munnleg"*
- *Elevane si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga jfr § 3.12. "Eigenvurderinga til eleven er ein del av undervegsvurderinga. Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling."*

Kommunen har i tillegg ein mal for fagrapporrt som tek føre seg kva emne/tema som er gjennomgått, kompetansemål, delmål og læringsmål, lærestoff/kjelder, arbeidsmetodar/-former, vurderingsformer og tidsbruk.

Vi fekk undervegs-vurderingar frå 12 elevar fordelt på 2. klasse og 4. klasse på dei tre skulane. Dokumentasjonen frå skulane viser at lærarane gir munnlege og skriftlege undervegs-vurderingar av elevane.

Tidlegare rektor på Sunnylven skule fortel at halvårvurdering blir gjort likt for heile småskulen. Desse vurderingane tek utgangspunkt i læringsmål i fagplanane. Det blir vurdert orden og åtferd, sosiale mål og fagmål i norsk, matte og engelsk. Sunnylven skule har eit eige vurderingsskjema, som er lagra i Visma. Lærar har elevamtaler med elevane der både det faglege og sosiale vert teke opp før dei har møte med dei føresette. Vi har motteke ein årsplan for vurdering for 2021/22. I denne rutinen er det satt opp kva som skal vurderast til faste tidspunkt gjennom året.

Ein lærar på Sunnylven skule skriv til oss at dei leverer skriftleg vurdering i faga norsk, matematikk og sosial samspel to gonger i året. I kontakttimar med føresette går dei igjennom mål for neste periode og utfordringar og styrkar eleven har. I følgje læraren er dette er ein munnleg tilbakemelding, og utvalde mål er då grunnlag for den skriftlege vurderinga. Vedkommande fortel at dei har mest uformelle elevamtalar, fordi dei opplever at planlagde elevamtalar blir unaturleg for elevane og svara dei gjev då ikkje alltid er reelle. Ved behov, har dei samtalar rundt tema som kan vere utfordrande. Dette er mest knytt til sosiale relasjonar og opplevingar. Læraren fortel at dei gjev formelle og uformelle undervegs-vurderingar i arbeidet til eleven, og at dei på grunn av storleiken i klassen rekk daglege tilbakemeldingar. I dokumentasjonen vi har fått har dei på Sunnylven skule halvårvurdering med konkrete mål som vert vurdert i orden, oppførsel, engelsk, matte og norsk. Under kvart tema er det overordna mål, med ein egen vurdering på kvar elev. I vurderingane vi har fått står det eksempelvis under kva som er kompetanse mål for 2. semester i norsk:

- *Lese med samanheng og forståing, på papir og digitalt, og bruke enkle strategiar for leseforståing*
- *Skrive tekstar for hand og med tastatur*
- *Bruke små og store bokstaver, punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn i tekstar. Samtale om eigne og andre sine tekstar.*
- *Lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på nynorsk og bokmål.*

Som eksempel, har skulen sendt oss ein vekeplan for 2. klasse som viser at dei sett opp læringsmål for kvar veke: «Faglege mål: Norsk: Eg kan bruke ulike lesemåtar når eg les. Eg kan lese med samanheng og forståing på papir og digitalt».

På Ringstad skule har dei frå hausten 2022 lagra notat knytt til elevane på Visma

Ein lærar på Ringstad skule skriv til oss om rutinane dei har for oppfølging/ kartlegging av elevar. I 1. klasse har dei ei kartlegging i norsk der dei undersøkte kor mange bokstavar, tolydsord og trelydsord elevane hadde automatisert. I matematikk gjennomførte dei nokre prøvar som høyrd til læreverket. I andre klasse vart det gjennomført kartleggingsprøve i rekning og lesing. I 3. klasse har dei rutine for å gjennomføre Carlsten leseprøve og ordkjedetest. I matematikk er det kapittelprøvar og halvårsprøve. I 4. klasse har dei Carlsten leseprøve, ordkjedeprøve, diktatar. I matematikk har dei kartleggingsprøven «Alle teller». I engelsk har dei gloseprøve. Læraren skriv vidare at: «prøvar/kartlegging er berre ein liten del av vurderinga vi gjer. Undervegs-vurderinga er like viktig. Det å få høye dei [elevane] i lesing, følgje opp leksearbeidet [deira], [og] vurdere arbeid og munnleg aktivitet i klasserommet kvar dag».

Rektor ved Geiranger skule opplyste vidare at dei i begynner-opplæringa nyttar læreverka Salto og Multi, men at mykje blir individuelt tilpassa og det blir mykje «skreddarsaum». Dei har god erfaring med at elevar som ikkje har utbytte av opplæringa, blir meldt opp til PPT.

Rektor ved Geiranger Barneskule fortel i intervju at dei sendar halvårvurderingane heim til føresette før det blir gjennomført foreldresamtalar. Skulen har utarbeidd mal for halvårvurderingar. Dei nyttar «prosatekst», og i følgje rektor gir dette meir innhald til rapporten, samt eit mjukare bilet av eleven. Det blir også gitt framovermelding, som handlar om kva eleven bør jobbe meir med. Rapporten blir lagra i elevmappene, og frå hausten 2022 i Visma. Dei har også fokus på å få med eleven sitt syn på læringa i disse rapportane.

Ein lærar på Geiranger skule skriv til oss at dei har faste undervegs-vurderingar i eit skuleår. Dei har fire faste elevsamtalar i året, og fleire om det trengs anten fagleg eller miljømessig. Dei har ein lav terskel for å spørje om samtale, og det kan dei gjere når som helst i og med dei er så få i klassa. Etter Carlsten-test og kartleggingsprøvar har læraren samtalar med eleven om prøvene. Dei snakkar om det som går bra og det som kan vere vanskeleg.

---

## OVERORDNA VURDERINGAR

Kunnskapsløftet 2020, Læreplanverket, skal styre innhaldet i opplæringa og bestå av ein overordna del, ein plan for fag- og timefordeling og læreplanar for det enkelte fag. I den overordna delen av Læreplanverket er tilpassa opplæring eit grunnleggjande prinsipp som skal vere styrande for skulane sin praksis. I læreplanane for dei enkelte fag inngår mellom anna kompetansemål knytt til det enkelte trinn. Gjennom opplæringslova skal kommunen sørge for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga.

I opplæringslova står det: *Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar. Det skal utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø (§13-3e).*

Skulane skriv tilstandsrapport som er ein del av årsmeldinga til kommunen. Vi har fått for dei tre siste åra, og berre rådata for 2022. Denne var ikkje politisk behandla då rapporten vart skiven, og tilstandsrapporten er ikkje ferdig.

Stranda kommune gjennomfører elevundersøkingar, og vi har motteke desse frå dei tre siste åra. Kommunalsjef fortel i intervju at kvar skule har eit elevråd.

Alle elevane deltek på nasjonale prøver. Det må ligge føre eit vedtak om fritak frå plikt til å gjennomføre nasjonale prøver om nokon ikkje skal delta.

Kommunen har eit dokument som handlar om skuleeigar sitt forsvarlege system. Systemet har to element, det skal vurdere om krava i opplæringslova med forskrift er følgde, og følgje opp resultat frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar. Kommunen har eigne retningslinjer for nasjonale prøver i grunnskulen. I retningslinjene står det:

*Nasjonale prøver er eit av fleire tilgjengelege verktøy for å kartlegge kompetansenivået til den enkelte elev og skule. Resultat av Nasjonale prøver sett i samanheng med andre kartleggings- og vurderingsverktøy skal implementerast i kommunen sitt overordna kvalitetsvurderingssystem for grunnskulen. Resultat av Nasjonale prøver skal også vere eit reiskap for kontinuerleg skuleutvikling. Vidare vil analysegrunnlag basert på slike prøver og kartleggingar vere relevant ved vurdering og planlegging av kompetansebehov for lærarar. Formålet med felles kommunale retningslinjer er å kvalitetssikre gjennomføring av Nasjonale*

*prøver, slik at feilkjelder i resultata vert mindre. Likeeins er det behov for å etablere lik praksis på de skulane, og initiere til fagleg samarbeid rundt analysearbeid i etterkant.*

*Retningslinjene skal være forpliktande for alle grunnskuler i kommunen med verknad frå -.....  
Dei skal blant anna ivareta:*

- *Oppfølging ovenfor elever, tilsette, føresette og skuleigar, både i førekant, undervegs og etterkant av prøvene*
- *Kvar skoles ansvar for å samanlikne resultat og sjå tendensar over fleire år, i samarbeid med skuleigar*
- *Samarbeid og kommunikasjon mellom barnetrinn og ungdomstrinn i forbindelse med oppfølging av resultat*
- *Plan for informasjon internt og eksternt*

I retningslinjene har dei laga eit detaljert skjema med oversikt over tema, aktivitet, kva som skal gjerast, kven som er ansvarleg og med tidspunkt for når ting skal skje.

I skjemaet står det at kontaktlærar informerer elev og føresette om resultat av nasjonale prøver.

Kommunalsjef seier at elevane blir involvert i evalueringa av dei overordna vurderingane gjennom framovermeldingar og at lærarane går gjennom resultata frå prøvane med dei.

---

## KVALITETSSIKRINGSSYSTEM

Kommunalsjef for oppvekst seier i intervju at kommunen har satt ned eit kvalitetsutval , der fokus i vår har vore bruk av avvikssystemet og Compilo . Kvar eining har ei kvalitetsgruppe som har mandat til å sjå på korleis lovverk og rutinar blir gjennomført, dei ser på mellom anna sjukefråvær og på elevundersøkinga.

I Compilo er rutiner sortert under fana «oppvekst». Der ligg det som er felles for alle skulane som det i følgje kommunalsjef er mogleg å gjere likt. Skulane er ulike i storleik og i elevtal, så det er ein del dei organiserer sjølv lokalt ut i frå deira behov. I Compilo har kvar skule si mappe og der dei legg til aktuelle dokument som gjeld sin lokalitet. Skulane har nokre rutinar, men ikkje alt er lagt inn i Compilo. Det jobbar dei no vidare med. Kommunalsjef fortel at det blir arbeidd med årshjul for kartlegging. Det vil bli laga eit overordna dokument som vise kva skuleigar som eit minimum krev at skulane skal gjere.

Vi fekk tilgang til Compilo, og har gått gjennom mappene til kommunen. Under «oppvekst felles» ligg det dokument og lovverk som er knytt til oppvekstsektoren generelt (bekymringsmelding til politi, søknadsskjema og rutine knytt til utsett skulestart, saksgang og rutine PPT, opplæringslova, miljøretta helsevern og fire dokument knytt til overgang barnehage-skule). Det ligg også eit årshjul for overgang frå barnehage til skule med spesifisert tidspunkt, tiltak og kven som har ansvaret.

Under fana til PPT er det rutinar som er relevante for skulesektoren, mellom anna pedagogisk rapport for Barneskulen, barnekonvensjonen, skjema for bestilling til PPT, flytskjema for samarbeid mellom skule og PPT og rettleiingar.

Under fana for Geiranger skule er det lagt ut to dokument som handlar om branninstruks og ordensreglar. Sunnylven skule har ingen dokument i Compilo. Under Ringstad skule er det 9

dokument. Dei har ein mal for IOP, branninstruks, skademeldingar og tiltakskort og dokumentasjon knytt til 9A (skulemiljø<sup>2</sup>).

Kommunalsjef og rektorane har møte på teams annakvar veke. På desse møta drøftar dei aktuelle saker, og rektorane har mellom anna etterspurt prosedyrar på fleire område. I følgje kommunalsjef vil dette bli prioritert vidare framover.

I Tilstandsrapport for 2020 og 2021 står det at kommunen har eit system for oppfølging (internkontroll). Der står det mellom anna at:

*Skuleeigar er etter opplæringsloven § 13-10 andre ledd pålagt å ha eit forsvarleg system. Dette systemet har to element. Det forsvarlege systemet skal vere eigna til å vurdere om krava i opplæringsloven med forskrift er fulgt og følgje opp resultat frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar.*

*Skuleeigar skal legge grunnlag for regelverksetterfølging ved å:*

- lage instrukser/prosedyrer som er i tråd med regelverket.*
- lage maler og sjekklistar som sikrar etterleving av regelverket.*
- sikre/gi kompetanse på skulane på regelverket.*
- sikre at der er til ei kvar tid tilsett medrett kompetanse i skulane.*

*Alle prosedyrer og maler ligg i kommunen sitt avviks og kvalitetssystem Compilo. Desse skal reviderast kvart år og vil få inngå i eit system som sikrar at dei er i tråd med regelverket og at rektor har kompetanse og kjennskap til prosedyrene og lovverket.*

Tilstandsrapport for 2022 er ikkje utarbeidd før denne rapporten vart ferdig.

---

<sup>2</sup> Skulemiljø blir omtala meir utfyllande i kapittel 4.

## 2.2 VÅRE VURDERINGAR

**Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?**

Revisjonskriterium:

- Stranda kommune skal på skuleeigarnivå og på skulenivå ha ein rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring.
- Den intensive opplæringa skal organiserast etter regelverket
  - Eleven skal ha rett til å gje uttrykk for synspunkt som gjeld barnet. Synspunkta til barnet skal bli tillagt vekt i samsvar med alder og modenhet.
  - Skulene skal ha ein plan for foreldresamarbeid.
  - Elevane i Stranda kommune skal ha undervegs-vurdering i faga.
- Kommunen skal gjennomføre dei overordna vurderingane av opplæringstilbodet som:
  - Årleg tilstandsrapport.
  - Elevundersøkingar.
  - Deltaking i nasjonale prøver og etterarbeid av desse.
  - Elevane skal involverast i denne vurderinga.

Etter vår vurdering er desse revisjonskriteria ikkje fullt ut oppfylt.

---

### RUTINE PÅ SKULE- OG SKULEIGARNIVÅ OG ORGANISERING AV INTENSIV OPPLÆRING ETTER REGELVERKET

Skulane vurderer elevane dagleg og fortløpende. Kvar enkelt skule har munnlege og skriftlege vurderingar, kartleggingsprøver og samtalar med elev og føresette. Desse vurderingane er i større eller mindre grad systematiserte rutinar.

Kommunen har eit flytskjema for samarbeid med PPT som viser kva som skal skje innanfor ordinær tilpassa opplæring og vurdering av læringsutbytte. Dette meiner vi kan vere eit bra utgangspunkt. Vi vurderer det vidare slik at det kan vere nyttig å vurdere å vidareutvikla samarbeidet mellom PPT, skuleeigar og skulane, slik at det kan bli arbeidd meir systematisk knytt til tidleg innsats.

Stranda kommune har fokus på tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid gjennom mellom anna prosjektet ABSOLUTT.

Det er etter vår vurdering positivt at kommunen har sett i gang prosjektet ABSOLUTT og at dei er med i ei undersøking om kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Vi meiner at det her ligg eit potensial til å kunne arbeide med ein del av dei utfordringane vi tek opp i forvaltningsrevisjonen, og at kommunen kan innanfor dette systematisere rutinar for intensivopplæring og at intensiv opplæring organiserast etter regelverket.

Einingsleiar for PPT fortel i samtale at det i førtildelingsfasen ligg eit handlingsrom som ein med fordel må bli flinkare å utnytte. Det bør vere ein systematisk analyse av korleis dei organisera opplæringa og vurderer læringsutbytte til elevane.

Einingsleiaren stillar spørsmål ved om dei kan overføre nokon av metodane innanfor spesialundervisning til tilpassa opplæring, og om det er nokon spesial-metodiske grep på skulane som heller kunne ha vore ein del av tilpassa opplæring. Einingsleiaren trekk frem eit døme på dysleksi, og spør om det kunne ha vore aktuelt med ein kartlegging av om det er andre tilsvarende døme. Vi meiner at dette er noko kommunen bør vurdere å sjå nærmare på.

Stranda kommune bruker kvalitetssikringssystemet Compilo. Våre undersøkingar viser at det er lite felles dokumentasjon som ligg tilgjengeleg i systemet. Kommunelova stadfestar at kommunen skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lovar og forskrifter blir følgde. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast størrelsen på verksemda, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Ved internkontroll etter kommunelova skal kommunedirektøren mellom anna ha nødvendige rutinar og prosedyrar og evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll. I tilstandsrapport for 2020 og 2021 står det at skuleeigar skal ha eit forsvarleg internkontrollsysten som skal legge grunnlag for regelverksetterfølging ved å mellom anna lage instruksar, prosedyrar, malar, og sjekklister som er i tråd med og som sikrar etterleving av regelverket. Vidare står det at desse skal ligge i Compilo.

Sjølv om skulane er ulike i storlek og organisering, meiner vi at kommunen bør vurdere å sjå nærmare på moglegheiter for å dele erfaringar og praksis rundt intensivopplæring og vurdere å fastsette ein tydeligare rutine på dette området. Vi har nyleg gjort ein forvaltningsrevisjon innan dette temaet i ein annan kommune, der tidleg innsats vart organisert gjennom ein detaljert prosedyre på samarbeid med PPT. Denne kommunen har oppretta inkluderingssteam på skulane som saman med PPT skal jobbe individretta og systembasert.

I Compilo har kommunen eit årshjul for overgang frå barnehage til skule med spesifisert tidspunkt, tiltak og kven som har ansvaret. Dette er etter vår vurdering bra. Vi meiner at kommunen kan vurdere å lage eit tilsvarende årshjul/rutine som tek føre seg tidleg innsats og kven som skal gjere kva kring ein bekymring hjå ein elev, kva slags innhald eventuell intensiv opplæring skal ha (tiltak, testar, kartleggingar) og kva for ei evaluering eleven skal ha. Eksempelvis meiner vi at det kan vere nyttig å vurdere å bruke pedagogisk rapport (eller liknande) for å kunne dokumentere kva slags tiltak som er iverksett, og resultat av tiltaka. På den måten vil ein i større grad kunne sikre at eleven får intensiv opplæring i tråd med regelverket, og det kan fastsetjast ei tydelegare rutine på arbeid kring tidleg innsats og inkluderande praksis, også vurdere å kople PPT enda meir på i ei tidleg fase. På den måten kan kommunen jobbe meir systematisk på eit tidlegare tidspunkt, slik at utfordingar hjå eleven blir tatt før det eventuelt ender opp i tilvising til PPT, sakkunnig vurdering og spesialundervisning.

Kommunalsjef har møte med rektorane annan kvar veke. På desse møta drøftar dei aktuelle saker, og rektorane har mellom anna etterspurt prosedyrar på fleire område. I følgje kommunalsjef vil dette bli prioritert vidare framover. Dette meiner vi er positivt.

Vi meiner at det som no ligg av dokumentasjon i Compilo, ikkje sikrar internkontrollen tilstrekkeleg. Vi vurderer det slik at om skuleeigar skal kunne sikre ein god overordna kontroll, så bør ein vurdere å stille nokre felles krav til kva skulane skal ha av skriftlege rutinar og prosedyrar. Dette både for å ha god internkontroll, men også for at kommunen i større grad kan sikre at elevane blir behandla likt.

### **Eleven si stemme og foreldresamarbeid**

Dei vi har snakka med i denne forvaltningsrevisjonen, seier at eleven blir involvert og høyrd i saker som gjeld dei. Kommunalsjef fortel også at dei er opptekne av kva barnet ønsker når det kjem til tilpassa opplæring. I dei høye barnet ikkje ønsker å bli teke ut av klasserommet, tek dei omsyn til det.

Vi meiner at det er bra at skulane har fokus på at eleven skal bli høyrd i tråd med barnekonvensjonen.

Alle skulene fortel om samarbeid med dei føresette. Dette blir gjort mellom anna gjennom klassevise foreldremøte og individuelle foregresamtalar. På Geiranger skule fortel rektor at halvårsrapportane til elevane blir drøfta med dei føresette, og at dei blir orientert om resultata frå dei nasjonale kartleggingane. Frå hausten 2023 skal alle skulene nytte Visma Flyt skule, og då skal mellom anna dokumentasjon, evalueringar og vurderingar lastas opp der slik at føresette kan ha tilgang. Vi meiner det er positivt at vurderingane til elevane og informasjon til dei føresette blir lagt inn på eit elektronisk system dei har tilgang på.

Stranda kommune har ein vurderingspraksis for skulane i Stranda. I den står det at det skal gjennomførast elevsamtales/fagsamtale minst ein gong kvart halvår med elevane, og at denne samtalen kan leggast til foregresamtalen. Vidare står det at foreldre/føresette skal kallast inn til samtale minst to gongar i året: ”*Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga.*” I tillegg står det at dei av skulane som ikkje fast gjev skriftleg vurdering til heimen, pliktar å opplyse foreldra om retten til å få vurderinga skriftleg: ”*Når skolen eller heimen meiner det er formålstenleg, kan skriftleg melding nyttast i tillegg.*” Vi meiner at dette visar at skulane har ein plan for foreldresamarbeid.

### **Undervegs-vurdering**

Eit viktig verkemiddel for å fremme læring og tilpasse opplæringa, er undervegs-vurdering. Alle elevar har rett til slik vurdering. Den kan formidlast munnleg eller skrifteleg, og den skal brukast til å vurdere om den einskilde elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa eller undervisninga.

Dokumentasjonen vi fekk frå dei tre skulane viser at elevane får undervegs-vurderingar. Vi meiner at Sunnylven skule, som har lagd eit eige vurderingsskjema, og Geiranger skule, som har lagd ein mal for vurdering med prosatekst, og med framovermelding (kva eleven bør jobbe meir med), har gode system for å gje undervegs-vurderingar til eleven. Vi kan sjå at også Ringstad skule gjer undervegs-vurderingar til elevane, og gjennomfører kartleggingar av elever og tilviser til PPT. Vi meiner likevel at malar for vurdering er noko mindre systematisert/strukturert enn dei to andre skulane. Med dette meiner vi at skulen ikkje har definerte mål/tekst for sine vurderingar i like stor grad som dei andre skulane. Det har vore skifte av kontaktlærar for den eine eleven vi fekk dokumentasjon frå, og testar har blitt makulert. Vi meiner at det kan vere ein fordel å ta vare på vurderingane til elevar når det kjem til vurdering av opplæring, i tilfelle det skulle vere behov for det på eit seinare tidspunkt. Kanskje treng kommunen å ha eit system for å ivareta denne type dokumentoverføring i dei tilfelle læraren sluttar, slik at elevane blir behandla på lik måte.

Det er etter vår vurdering positivt at Geiranger og Ringstad skule frå i haust skal lagre vurderingar og notat av elevane i Visma, og at det blir eit krav om at alle skal nytte Visma Flyt skule frå hausten 2023.

---

## OVERORDNA VURDERINGAR

Stranda kommune har tidlegare utarbeidd tilstandsrapportar med nøkkeltal og utfordingar i sektoren. Kommunen har ikkje utarbeidd denne rapporten for 2021.

Alle elevar deltek i dei nasjonale prøvane. Elevar som ikkje skal delta, må ha vedtak om dette.

Kommunen har eit dokument som handlar om skuleeigar sitt forsvarlege system, og ei retningslinje som detaljert tek føre seg gjennomføring, oppfølging og etterarbeid knytt til det forsvarlege systemet. I retningslinjene har dei laga eit detaljert skjema med oversikt over tema, aktivitet, kva som skal gjerast, kven som er ansvarleg og med tidspunkt for når ting skal skje. Vi meiner at denne retningslinja er eit godt utarbeidd dokument.

I skjema står det at kontaktlærar informerer elev og føresette om resultat av nasjonale prøver.

Kommunen har elevråd på skulane. Elevane blir involvert i framovermeldingar og drøfting av resultat frå prøver.

### 3 KOMPETANSEKRAV

**Har Stranda kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?**

- Stranda kommune skal ha undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen.

#### 3.1 FAKTAGRUNNLAG

I opplæringslova § 10-2 følgjer det at tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i. For småtrinnet (1.-4. trinn) og mellomtrinnet (5.-7. trinn) ligg det føre bestemte krav om universitets- eller høgskuleutdanning (førskulelærarar, barnehagelærarar, grunnskulelærarar mv.) av eit visst omfang. For undervisning i norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk eller engelsk krevst det, med enkelte unntak, minimum 30 studiepoeng (tilsvarende eit halvt års fulltidsstudium) med direkte relevans for faget/faga den enkelte underviser i. Dei som var ferdig utdanna og kvalifisert for tilsetting før 1. januar 2014, eller som seinare har fullført allmennlærarutdanninga, har dispensasjon frå kravet om 30 relevante studiepoeng fram til 1. august 2025 (Udir 2021).

#### SKULANE SI SKILDRING

På Sunnylven skule har dei 2-3 lærarar på vidareutdanning kvart år. Det er 4 tilsette i småkulen, og kvar av dei har godkjend fagkompetanse i minst to av faga matematikk, norsk eller engelsk. Dei har i tillegg fagkompetanse i ei rekke andre fag. Tidlegare rektor fortel at skulen ønskjer at dei skal ha godkjend kompetanse i alle av dei tre faga norsk, engelsk og matematikk. Dette vil gjere arbeidet med timeplanar og sete saman teamet meir fleksibelt. Hen fortel at skulen oppmodar dei tilsette om å söke vidareutdanning for å oppnå denne kompetansen. I skuleåret 2021-22 var det 4 lærarar som tok vidareutdanning; 1 frå småkulen og 3 på ungdomssteget. No i haust har dei fått beskjed om at 1 lærer frå mellomsteget er innvilga vidareutdanning.

På Ringstad skule fortel rektor at dei har to tilsette som nyleg har gjennomført vidareutdanning i engelsk. Skuleåret 2022-2023 skal fire lærarar ta vidareutdanning i engelsk, norsk som andrespråk og mat og helse. Frå før har fleire av dei tilsette tatt vidareutdanning i engelsk, matematikk og spesialpedagogikk. Rektor fortel at skulen totalt sett har god kompetanse, også i fag som Udir ikkje tilbyr vidareutdanning i, mellom anna kroppsøving.

Rektor ved Geiranger skule fortel at det for ein liten skule, er ei utfordring med rekruttering. Skulen hadde same lærarstab i omlag 20 år fram til 2015, men no er situasjonen ein annan. I følgje rektor slit skulen med rekruttering, og dei klarer dermed ikkje å fylle kompetansekrava i opplæringslova. Skulen har ikkje ein eigen kompetanseplan. Dei har utlyst etter ny lærar, og hadde søkjarar på intervju der alle takka nei til stillinga. Rektor fortel at skulen heile tida vurderer i samråd med kommunaleiinga kor lenge dette kan vere. I følgje rektor har skulen vore tydeleg på at lønn er det einaste som kan hjelpe.

I følgje kommunalsjef for oppvekst har ikkje kommunen ein eigen kompetanseplan. Dei har ei rutine for ein årleg gjennomgang av behovet til skulane. Til saman har 8 – 10 av lærarane delteke på

vidareutdanning kvart år. Den einaste utfordringa der er svaret for inntak frå Udir, som kjem seint i forhold til planlegging av bemanningskabalen til skulane.

Kommunalsjef fortel i intervju at kommunen har hatt ei utfordring med å rekruttere både nytilsette og vikarar. Kommunalsjef fortel at for eksempel er det no ei vurdering om samarbeid med Fjord kommune og kjøp av skuleplassar for 10. trinn. Dei må gjere slike val for å sikre opplæringa til elevane. Dei ser også at det kan vere ei god løysing for det sosiale miljøet til elevane.

I tilstandsrapport for grunnskulen 2022 kan vi lese at tal på årstimar gitt av personale med godkjent utdanning har økt frå 89% i 2019 til 98% i 2022.

#### GSI- GRUNNSKULENES INFORMASJONSSYSTEM

Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI) samlar inn store mengder data om grunnskulen i Norge. Der ligg informasjon om: elevtal, årstimar, årsverk, spesialundervisning, språklege minoritetar, målform, framandspråk, fysisk aktivitet, leksehjelp, SFO, valfag og PPT. Vi har fått årets tall som tek føre seg kompetansekrav for undervisning i fag lærarar underviser i.

Dei lærarane som var ferdig utdanna og kvalifisert for tilsetting før 1. januar 2014, eller som seinare har fullført allmennlærarutdanninga, har dispensasjon frå kravet om 30 relevante studiepoeng frem til 1. august 2025 (Udir 2021).

##### Kompetansekrav for undervisning i fag de underviser i, for lærerne oppgitt i linje 37 og 39, jf. opplæringsloven § 10-2 og privatskoleloven § 4-2

Dersom læreren er ført i linje 37, og underviser elever i faget både på 1.-7. årstrinn og 8.-10. årstrinn, skal læreren føres bare på 8.-10. årstrinn, slik at læreren ikke telles dobbelt. Hvis læreren er ført i linje 39 skal læreren kun føres på 1.-7. årstrinn. Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag gjelder ikke for de som er midlertidig tilsatte i skolen. De skal derfor ikke føres i linje 41 til 48.

			1.-7. årstrinn			
			Minst 30 studiepoeng i faget	0-29 studiepoeng i faget	Sum lærere som underviser i faget, 1.-7. årstrinn	Mins studiepo i fa
Antall av lærere i linje 37 og 39 (som oppfyller kompetansekravene for tilsetting) registreres på de av fagene nedenfor som de underviser i dette skoleåret, fordelt på antall studiepoeng i faget...						
41	Norsk		GK	30	7	37
42	Av antall lærere registrert i 41, hvor mange er utdannet før 2014		GK	20	5	25
43	Matematikk		GK	21	12	33
44	Av antall lærere registrert i 43, hvor mange er utdannet før 2014		GK	10	12	22
45	Engelsk		GK	13	17	30
46	Av antall lærere registrert i 45, hvor mange er utdannet før 2014		GK	7	11	18
47	Samisk		GK	0	0	0
48	Norsk tegnspråk		GK	0	0	0

Tal vi har fått frå kommunen over GSI viser at det er sju lærarar som underviser i norsk som ikkje har 30 studiepoeng i faget.

I matematikk er det 12 lærarar som har mindre enn 30 studiepoeng i faget.

I engelsk er det 17 lærarar som har mindre enn 30 studiepoeng i faget.

Vi har fått opplyst om at ein skule har registrert alle som er i klasserommet i det aktuelle faget. Det vil seie både hovudlærar, lærar nummer to og eventuelt støttepedagog til enkeltelevar. Ikkje alle desse har, eller skal ha, kompetansekrav i det faget sjølv om dei deltek i klasserommet. Tala blir difor noko misvisande. Kommunalsjef for oppvekst seier at dei ikkje har oversikt over kven desse gjeld, men at dei uansett ikkje fullt ut fyller kompetansekrava viss dette hadde vorte retta opp i.

### 3.2 VÅRE VURDERINGAR

Dei som skal undervise i norsk, engelsk eller matematikk skal ha 30 studiepoeng som er relevante for det aktuelle fag. Dei lærarane *som var ferdig utdanna og kvalifisert for tilsetting* før 1. januar 2014, eller som seinare har fullført allmennlærarutdanninga, har dispensasjon frå kravet om 30 relevante studiepoeng frem til 1. august 2025.

Våre undersøkingar viser at tala for GSI ikkje er oppført rett/likt, og det difor ikkje kan konkluderast kor mange lærarar som ikkje oppfyller kompetansekravet. Vi meiner det frå neste år må klargjerast kva slags lærarar som skal registrerast i GSI, slik at alle skulane gjer det likt.

Tilbakemeldinga frå leiinga er at det er lærarar som underviser som ikkje fyller kompetansekravet.

Vår vurdering er derfor at ikkje all undervisningspersonalet i Stranda kommune oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen.

Skulene fortel at dei har utfordringar med rekruttering, noko som kan vere ein forklaring til kvifor dei ikkje oppfyller krava til kompetanse.

## 4 OM SKULEMILJØ I STRANDA KOMMUNE

Dette kapitelet handlar om korleis kommunen arbeider med skulemiljøet. Kapittelet er ei kartlegging etter ønske frå kontrollutvalet, og inneheld difor ingen revisjonskriterier.

### 4.1 OM SKULEN SI AKTIVITETSPLIKT

I opplæringslova §9 A-4 står det om skulene sin aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø. Videre står det:

*Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.*

*Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.*

*Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.*

*Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.*

*Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå*

- a. *kva problem tiltaka skal løyse*
- b. *kva tiltak skolen har planlagt*
- c. *når tiltaka skal gjennomførast*
- d. *kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka*
- e. *når tiltaka skal evaluerast.*

*Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.*

### 4.2 FUNN

#### KOMMUNEN

I intervju fortel kommunalsjef at kommunen har hatt fokus på verdiane venskap og respekt, der lærar har fokuset på kva det betyr for den einskilde elev. Skulane har også arbeidd mykje med § 9a i opplæringslova, som handlar om elevane sitt skulemiljø – at elevar ved skulane har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det har vore arbeidd godt for å klargjere at rektor har ansvar for å lage ein plan og å sette inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Kommunalsjef fortel at det er avklart at rektor skal informere eleven og føresette om kva som blir gjort, og at eleven har rett til å bli hørt. Dette er ein aktivitetsplikt skulen har. Skulen

skal ta omsyn til elevens beste i alle vurderingar dei gjer. Skulane bruker «Mitt Val» frå Lions, der utvikling av eit godt læringsmiljø og læring av sosiale og emosjonelle ferdigheiter er sett i fokus.

Kvar skule har eit elevråd, og dei har planar for førebygging av mobbing. Kommunen har sett ned eit kvalitetsutval, der det på forsommaren har vore fokus på bruk av kvalitetssikringssystemet Compilo og avvikssystemet som ligg der.

I tillegg ser ei gruppe på sjukefråvær og på elevundersøkinga. Kvar eining har ei kvalitetsgruppe med mandat til å sjå på korleis lovverk og rutine blir gjennomført.

---

## SKULANE

Rektor på Sunnylven fortel at skulen tek utgangspunkt i opplæringslova sin formålsparagraf for alt arbeid dei gjer. Dei nyttar slik som kommunalsjefen skildrar, «Mitt val», og «Specter», ei ikkje anonym spørjeundersøking der elevane vert spurde om læringsmiljø og mobbing eller plaging spesielt. Denne blir nytta før elevamtaler. Skulen har ein eiga «Trivselsplan», med oversikt over felles aktivitetar eller andre tiltak som fremmer elevmiljøet. Denne er viktig i det førebyggjande arbeidet. Skulen har godt med vaksne som vakt ute i friminutta, og nyttar gymsalen til inneaktivitetar etter oppsett plan av elevrådet for kvar klasse gjennom vinterhalvåret. Sunnylven har elevråd, og referat frå deira møte blir delt med heile personalet. Dei nyttar også info-tavlene til skulen. Skulen har samarbeidsutval. I skuleåret 2021-22 har uteområdet vore fokus her, då skulen er blitt rehabilert.

I intervju fortel rektor på Ringstad skule at dei har jobba mykje med elevane sitt skolemiljø. Skulen skal ta omsyn til eleven sitt beste i alle vurderingar dei gjer, og dei har gode rutinar for dette. I tillegg nyttar dei «Livet&sånt», som er utvikla i Ålesund kommune. Dette er opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring og er del av Helsedirektoratet sitt program for folkehelsearbeid i kommunane. I tillegg til arbeidet med elevane, tilbyr dei foreldrekuruskveldar og personalkurs. Ringstad skule har elevråd, og dei har plan for førebygging av mobbing.

På Geiranger skule har dei eigen plan for arbeid kring tema mobbing. Denne går dei gjennom kvar haust. Det verkar førebyggjande, og gir dei tilsette verktøy å nytte om det skulle oppstå ein sak. Rektor fortel i intervju at skulen har hatt lite mobbing, og det kjem også frem i elevundersøkinga. På ein liten skule er det lettare å fange opp før det eskalerer. Skulen har plan for arbeid kring § 9-a-saker, og dei har mal for aktivitetsplan. Skulen har elevråd med ein representant for mellomtrinnet og eitt for ungdomssteget. Dei deltek også i samarbeidsutval. Dei har ikkje mange møte, og når skulen er så liten, får dei tatt tak i sakene undervegs. Vi har henta ut handlingsplan mot mobbing og ordensreglar frå Compilo. Begge desse er datert frå 2012. Vi har også henta ut mal for aktivitetsplan knytt til § 9 A-4 (om aktivitetsplikt i opplæringslova).

---

## PPT


PPT kan gjennomføre elevundersøkingar på skulen, og ein kjent metodikk som er tilrådd av Utdanningsdirektoratet blir brukt til dette. Metodikken går ut på å finne eleven si oppleveling av læringsmiljøet ved å spørje elevar om korleis dei har det, og mellom anna finne dei oppretthaldande faktorane som dei presenterer for skulen og finn tiltak til.

Denne metodikken er eit velkjent tiltak for å undersøke det som er meldt som bekymring, og for å finne ut kva dei andre aktørane i miljøet opplever knytt til problemstillingane. Det er viktig å få barnet sitt syn på det. Det blir brukt standardiserte spørsmål som gjer at dei kan fortelje si oppleving. Skulane er med og intervjuar elevane og analyserer svara som kjem inn. Dei hadde nyleg ein undersøking på Ringstad skule, der skulen var med og analyserte. Etter PPT si vurdering er det bra at skulene sjølv er involverte, for da kan dei bidra med sin kompetanse og kunnskap om læringsmiljø.

Skulane kan bruke skjema for bestilling av systemarbeid når det kjem til kompetanseheving og utviklingsarbeid. Skulene var ifølgje PPT usikre på kva dei skulle skrive til PPT, og skjemaet vart lagd for at det skulle vere lett tilgjengeleg. Det gjer også at det blir rydda litt i bestillingane til PPT, slik at dei kan sørge for ein god saksbehandling. Viss det kjem inn ein bestilling som har med læringsmiljø å gjere, vert dette prioritert hos PPT.

## COMILO

I Compilo ligg det ein del skriftlege rutinar under fana «Grunnskule - fellesrutine». Ein gjennomgang vi har gjort av Compilo viser at kommunen har mykje felles rutinar og prosedyrar knytt til skolemiljø under fana «oppvekst» og fellesrutinar for grunnskulen. Kommunen har mellom anna ein eigenvurdering av elevane sitt psykososiale læringsmiljø som teke føre seg skulens førebyggjande arbeid/internkontroll, individuelt retta arbeid og brukarmedverknad<sup>3</sup>.



### 4.3 VÅRE KOMMENTRAR

Vår kartlegging vis at Stranda kommune har laga eit omfangsrik, skriftleg system for å ivareta skolemiljøet, og vi ser at dette har dei arbeidd mykje med.

<sup>3</sup> Sjå vedlegg 4 for kva punkt disse innehold.

## 5 KONKLUSJONAR OG ANBEFALINGAR

Etter vår vurdering gjer Stranda kommune mykje bra innan tilpassa opplæring i ordinær undervisning. Lærarane tar kartleggingsprøver og testar gjennom året for å vurdere læringa til eleven. Skulane har uformelle, og formelle samtalar med elevane og dei føresette.

Vi konkluderer med at lærarane gjev elevane både skriftlege og munnlege undervegs-vurderingar. Dei gjev tilbakemeldingar om eleven sine styrker, og kva dei må arbeide med når det kjem til det faglege, på sosiale tema og deira åtferd. Vi trekker fram Geiranger og Sunnylven skule, der vi ser at dei gjennom prosatekst og forhandsdefinerte malar gjer tilbakemeldingar til elevane som gjer det enklare for eleven å sjå om mål for faga er nådd. Lærarane gjer mykje for elevane i klasserommet, gjennom samtalar, foreldremøte og tverrfagleg samarbeid knytt til tidleg innsats.

Arbeidet som blir gjort er slik vi ser det i større eller mindre grad knytt til systematiserte rutinar. Skulene følgjer dei standardiserte testane, men vi observerer at vurderingar blir gjort ulikt på dei tre skulane. Dokument vi har samla inn, viser at sjølv om kommunen har fleire rutinar og dokument, har dei etter vår vurdering ikkje overordna rutinar på intensivopplæring. Med det meiner vi at arbeidet kring tidleg innsats ikkje er sett i system på eit overordna nivå. Vi klarar ikkje å sjå at det er ein overordna målsetting eller system for å hjelpe elever på eit tidleg stadium. Det blir slik vi oppfattar det, mykje opp til kvar enkelt lærar å fange opp elevar som treng tilpassa opplæring, og når det kjem til ein bekymring hjå ein elev.

I intervju seier kommunalsjef at «Årshjul for arbeid med kartlegging er pågåande arbeid i kommunen no. Det vil bli laga eit overordna dokument som viser kva skuleeigar som eit minimum krev at skulane skal gjere». Vi meiner at dette arbeidet må ferdigstilla og kome på plass. Vi meiner også at andre skriftlege rutinar med fordel kan samlokalisera (og samordnast) i Compilo slik at kommunen kan sikre god internkontroll.

PPT har utarbeidd eit flytskjema som viser korleis den kontinuerlege vurderinga av læringsutbytte skal gjerast. Einingsleiar for PPT seier at flytskjemaet for samarbeid har hatt positive ringverknader når det mellom anna kjem til misforståingar. Einingsleiar for PPT seier vidare at flytskjemaet bør evaluerast og kvalitetssikrast til å bli betre, noko vi er samde med. Vi meiner at det er bra at kommunen har eit slikt skjema, men at kommunen kan vurdere om det er hensiktsmessig å spesifisere nærmare kven som skal gjere kva, kva slags tiltak som kan settast inn innanfor ordinær opplæring, og når tiltak skal evaluerast.

Kommunen har starta eit tverrfagleg samarbeid gjennom prosjektet ABSOLUTT, og dei har delteke i ei undersøking knytt til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Einingsleiar for PPT fortel i samtale at det i førtilmeldingsfasen ligg eit handlingsrom som ein med fordel må bli flinkare å utnytte. Det bør vere ein systematisk analyse av korleis dei organiserer opplæringa og vurderer læringsutbytte til elevane. Einingsleiaren trur dei kan overføre nokre av metodane innanfor spesialundervisning til tilpassa opplæring, og meiner ein kanskje bør sjå nærmare på om det er nokre spesial-metodiske grep på skulane som heller kunne ha vore ein del av tilpassa

opplæring. Einingsleiaren meiner at viss dei skal nå målsettingane i ABSOLUTT-prosjektet, så bør det gjerast noko her. PPT seier i samtale at det er sett i gang viktige prosessar som må bli ført vidare, også etter prosjektperioden. Dette er etter vår vurdering viktige poeng.

Vi kan sjå at kommunen har ein plan for foreldresamarbeid, og at dei føresette blir involvert i det som har med eleven å gjere. Elevane blir involvert i dei overordna vurderingane gjennom framovermeldingar og drøfting av resultat frå prøver. Vi ser at kommunen har økt fokus på barnet si stemme, men at det ikkje alltid er lett å dokumentere at barnet si stemme blir høyrt for dei minste barna. Vi meiner at det er bra at skulane har fokus på at eleven skal bli høyrd i tråd med barnekonvensjonen.

Våre undersøkingar viser at skulane ikkje fyller krav til kompetanse. Rektorane ved skulene og kommunalsjef fortel om krevjande rekruttering til skulane, noko som går ut over krav til kompetanse.

I det siste kapittelet har vi henta inn informasjon om Stranda kommune sitt arbeid med skolemiljø. Det er laga eit omfangsrik, skriftleg system for å ivareta skolemiljøet, og vi ser at dette har dei jobba mykje med.

På bakgrunn av våre funn, vurderingar og konklusjonar, vil vi rá til at Stranda kommune vurderer å:

- Utarbeide felles skriftlege rutinar for intensivopplæring på skuleeigarnivå og skulenivå.
- Prioritere å ferdigstille og legge ut årshjul om kartlegging/overordna dokument i Compilo slik at det er tilgjengeleg for alle skulane.
- Evaluere og kvalitetssikre flytskjemaet «Skjema for samarbeid mellom skule og PPT» for å sikre godt samarbeid mellom skulane og PPT.
- Kartlegge om det er tiltak som no blir gitt som spesialundervisning, som heller kan bli gitt som tilpassa opplæring i ordinær undervisning.
- Ferdigstille tilstandsrapport for skuleåret 2021/2022.
- Arbeide vidare med å rekruttere kvalifisert personale, og at det klargjerast kva slags lærarar som skal registrerast i GSI, slik at alle skulane gjer det likt.

## 6 HØYRING

Ein rapport med faktagrunnlaget ble sendt til kommunalsjef for oppvekst for gjennomsyn i e-post av 26.10.2022. Det vart gjennomført ein faktasjekk med kommunalsjef den 01.11.2022.

Rapporten vart send ut på høyring 03.11.2022, og vi fekk høyringssvar frå kommunen 08.11.2022. Stranda kommune hadde ingen kommentarar til framlagt høyringsrapport.

## 7 REFERANSELISTE

Knudtzon, Lillin Cathrine og Kristin Amundsen (2006). «Verktøy for design av forvaltningsrevisjonsprosjekter». Riksrevisjonen. Hentet fra: <http://docplayer.me/14544389-Verktøy-for-design-av-forvaltningsrevisjonsprosjekter.html> [Lesedato: 15.02.2021].

KS (2020). *Rådmannens internkontroll. En praktisk veileder*. Henta frå: [Kommunedirektorens-internkontroll-veileder-F41-web.pdf \(ks.no\)](#) [lesedato: 30.09.2022].

NKRF (2020). Standard for forvaltningsrevisjon, RSK 001. Hentet fra: RSK 001 (nkrf.no) [Lesedato: 01.03.2021].

Regjeringen (2021). *Veileder om kommunelovens internkontrollbestemmelser*. Henta frå: [Veileder om kommunelovens internkontrollbestemmelser - regjeringen.no](#) [lesedato: 30.09.2022].

Statsforvalteren (2016). Presentasjon: «Barnekonvensjonen – barnets rett til medvirkning og vurdering av barnets beste knyttet til enkeltvedtak om spesialundervisning». Hentet frå: [African \(statsforvalteren.no\)](#) [lesedato: 30.09.2022].

Stranda kommune (2021). Årsberetning 2021. Hentet frå: [wfdocument.ashx \(acossky.no\)](#) [lesedato: 13.10.22].

Udir (2022). «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis». Artikkel hentet fra: [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis \(udir.no\)](#) [lesedato: 21.09.2022].

Udir (2021). «Tilsetting og kompetansekrav». Hentet frå: [Tilsetting og kompetansekrav \(udir.no\)](#) [lesedato: 14.10.2022].

Udir (2018). «Intensiv opplæring for elever fra 1.-4. årstrinn». Hentet frå: [Intensiv opplæring for elever fra 1.-4. årstrinn \(udir.no\)](#) [lesedato: 24.10.22].

Udir (2014). *Veileder spesialundervisning*. Hentet fra: [Spesialundervisning \(udir.no\)](#) [lesedato: 19.08.22].

## VEDLEGG 1: UTLEIING AV REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventninger som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunnlag i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringer med meir.

I dette prosjektet har det vore naturleg å legge følgjande hovudkjelder til grunn for å kunne utleie revisjonskriterium:

- Kommunelova (§25-1)
- Forvaltningslova (§11a)
- Opplæringslova (§1-5)
- Banelova (§31)
- Barnekonvensjonen artikkel 12
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Intensivopplæring for elever frå 1.-4, trinn»
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Spesialundervisning»
- Tilsetting og kompetansekrav (Udir 2021)
- Rettleiar: Internkontroll i kommunenesektoren
- KS: *Kommunedirektørens internkontroll – orden i eget hus?*

## PROBLEMSTILLING 1: TILPASSA OPPLÆRING I ORDINÆR UNDERSKOLE

Skulen har plikt til å vurdere og eventuelt prøve ut ulike tiltak som kan gi eleven tilfredsstillende utbytte av opplæringa (sjå opplæringsloven § 5-4). Skulen skal vurdere om eleven kan få utbytte av den ordinære opplæringa før eleven eventuelt tilvisast til PP-tenesta. Målet er at dette vil bidra til å styrke vektlegginga av eit godt tilpassa ordinært opplæringstilbod, og i den forbindelse at behovet for spesialundervisning blir redusert. Vurderingane som skulen gjer skal ikkje innebere at det blir utvida tid for sakshandsaming for dei elevane som har behov for spesialundervisning. Plikten til å prøve ut tiltak før melding til PP-tenesta gjeld ikkje dersom det etter skulen si vurdering er openbart at tiltak innanfor det ordinære opplæringstilboden ikkje vil føre til at eleven vil få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa (Udir 2014).

Skulane skal sørge for at elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt skal få tilbod om intensiv opplæring (opplæringslova § 1-4). Slik intensiv opplæring er ein del av den ordinære opplæringa. Det er ein føresetnad at elevar som mottek intensiv opplæring ikkje skal ha avvik frå kompetansemåla i læreplanverket. Elevane skal bli i stand til å følgje den alminnelege progresjon i undervisninga gjennom den tidlege innsatsen på 1. til 4. årstrinn. Slik intensiv opplæring kan altså bidra til at elever raskt skal få egna støtte og opplæring når problemet oppstår, slik at problemet ikkje skal få moglegheit til å utvikle seg vidare til eit behov for spesialundervisning.

Eit viktig verkemiddel for å fremme læring og tilpasse opplæringa, er undervegsvurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10 første ledd. Av forskrift til opplæringslova § 3-2 første ledd følger det at alle elever har rett til slik vurdering. Vurderinga kan formidlast munnleg eller skriftleg, og den skal brukst til å vurdere om den einskilde elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa/undervisninga.

Opplæringa i grunnskulen skal, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1, vere i samsvar med Kunnskapsløftet 2020. Læreplanverket skal styre innhaldet i opplæringa og består av:

- ein overordna del
- plan for fag- og timefordeling
- læreplanar for det enkelte fag

I den overordna delen av Læreplanverket er tilpassa opplæring eit grunnleggjande prinsipp som skal vere styrande for skolane sin praksis. I læreplanane for de enkelte fag inngår blant anna kompetanseomål knytt til det enkelte trinn. Gjennom opplæringslova § 13-3e at skal kommunen sørge for at skolane jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Det overordna ansvaret for at den type vurderingar som opplæringslova § 13-3e føreskriv, blir gjennomført, er etter kommunelova § 25-1 kommunedirektøren sitt ansvar.

Det skal leggast til rette for at eleven frå fylte 7 år har ein moglegheit til å uttale seg i saken og si sin mening. Frå eleven er fylt 12 år skal ein legge stor vekt på eleven si mening, sjå [barnelova § 31](#). Barn si rett til å gi uttrykk for sin mening kjem også frem av [Barnekonvensjonens art. 12](#) (Udir 2014, Statsforvalteren 2016).

I Barnekonvensjonen artikkel 12 står det følgande:

- 1. Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*
- 2. For dette formål skal barnet særlig ges anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et egnet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett.*

Opplæringslova § 1-1 fyste ledd slår fast at det skal vere eit samarbeid mellom skule og heim. Opplæringslova § 13-3d handlar også om foreldresamarbeid. Paragraf 13-3d lyd: *Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for samarbeid med foreldre, høvesvis i grunnskolen og i vidaregående opplæring. Organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale tilhøve. Departementet gir nærmare forskrifter.*

Føresette og eleven skal involverast i alle deler av prosessen. PP-tenesta har plikt til å rådføre seg med eleven/føresette i arbeidet med å utforme tilbod om spesialundervisning og skal legge stor vekt på synspunktet deira. jf. [§ 5-4](#) tredje ledd. PP-tenesta bør ha samtaler med eleven/føresette for å få relevante opplysningar om eleven sin situasjon, og for å få deira sitt syn på korleis opplæringa bør bli lagt opp. Dei føresette og eleven skal involverast i alle deler av prosessen.

Kommunelova stadfestar at kommunen skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lovar og forskrifter blir følgde. Målet om at internkontroll skal sikre at lovar, forskrifter og vedtekter blir etterlevd, er eit sentralt og grunnleggande element ved internkontrollen i kommunen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast størrelsen på verksemda, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Krava i kommunelova inneheld sentrale element som er nødvendige for god internkontroll. Ved internkontroll etter kommunelova § 25-1 skal kommunedirektøren mellom anna:

- ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Om Stranda kommune tilbyr tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med lovverk og anbefalingar, kan målast i desse kriterane for vurdering:

- Stranda kommune skal på skulegarnivå og på skulenivå ha ein rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning får intensivopplæring.
- Den intensive opplæringa skal organiserast etter regelverket
  - Eleven skal ha rett til å gje uttrykk for synspunkt som gjeld barnet. Synspunkta til barnet skal bli tillagt vekt i samsvar med alder og modenhet.
  - Skulene skal ha ein plan for foreldresamarbeid.
  - Elevane i Stranda kommune skal ha undervegs-vurdering i faga.
- Kommunen skal gjennomføre dei overordna vurderingane av opplæringstilbodet som:
  - Årleg tilstandsrapport.
  - Elevundersøkingar.
  - Deltakelse i nasjonale prøver og etterarbeid av disse.
  - Elevane skal involverast i denne vurderinga.

## PROBLEMSTILLING 2: KOMPETANSEKRAV

I opplæringslova § 10-1 står det at den som skal tilsettast i undervisningsstilling i grunnskulen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Av § 10-2 følgjer det at tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga de skal undervise i. Det følgjer av same bestemming, tredje ledd, at kravet om relevant kompetanse ikkje gjeld for undervisningspersonale som er tilsett på vilkår om at dei fullfører relevant utdanning (som føre til at dei oppfylle kompetansekrav forbundet med stillinga).

For småtrinnet (1.-4. trinn) og mellomtrinnet (5.-7. trinn) ligg det føre bestemte krav om universitets- eller høgskuleutdanning (førskulelærarar, barnehagelærarar, grunnskulelærarar mv.) av eit visst omfang. For undervisning i norsk, samisk, norsk teknisk språk, matematikk eller engelsk krevst det, med enkelte unntak, minimum 30 studiepoeng (tilsvarende eit halvt års fulltidsstudium) med direkte relevans for faget/faga den enkelte underviser i. Dei som var ferdig utdanna og kvalifisert for tilsetting før 1. januar 2014, eller som seinare har fullført allmennlærarutdanninga, har dispensasjon frå kravet om 30 relevante studiepoeng frem til 1. august 2025 (Udir 2021).

Med bakgrunn i dette har vi vald dette som kriterium som kommunen blir vurdert opp mot:

- 3 Stranda kommune skal ha undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen.

## VEDLEGG 2: DOKUMENTANALYSE

- Undervegs-vurderinger for 2. og 4. klasse på Ringstad, Sunnylven og Geiranger skule
- Mappestruktur Compilo
- Elevundersøkelsen 2019,2020 og 2021
- Kvalitetsutval og kvalitetsgrupper i Stranda kommune
- Retningslinjer for tverrfaglig samarbeid
- Skuleeigar sitt forsvarlege system
- Utklipp faktorar i ROS-analyse
- Tilstandsrapporter for grunnskulen 2019-2021
- GSI 2019, 2020 og 2021
- Årsplan for vurdering 2021-22
- Vurderingspraksis i Stranda
- Pedagogisk rapport for barneskulen
- Mal IOP
- Mal fagrappart
- Mal for forskulen
- Skjema PPT – Bestilling av systemarbeid – kompetanseheving og utviklingsarbeid
- Skjema for tilmelding til PPT
- Skjema for egenvurdering av regeletterlevelse – elevens psykososiale læringsmiljø
- Kommunale retningslinjer for nasjonale prøver
- Mal vedtak om fritak frå plikt til å gjennomføre nasjonale prøver
- Ringstad skule: Tilsynsrapport 2019
- Ringstad skule: Handlingsplan mot mobbing
- Ringstad skule: Aktivitetsplan (MAL) - 9a –sak
- Ringstad skule: Evaluering §9A –
- Ringstad skule: Klassens time – mal
- Ringstad skule: Logg (mal) 9a-sak
- Ringstad skule: Sosial kompetanseplan
- Ringstad skule: Varsel (mal) 9a-sak
- Ringstad skule: Årshjul haust 2021, og vår 2022
- Ringstad skule: Årshjul admin
- Geiranger barnehage og skule: Handlingsplan mot mobbing
- Geiranger barnehage og skule: Mal aktivitetsplan 9a
- Geiranger barnehage og skule: Døme på foreldresamtalar 1-4. klasse
- Geiranger barnehage og skule: Ordensreglar
- Synnulven skule: Døme på halvårsvurdering 1. og 3. klasse
- Synnulven skule: Plan for kartlegging 2021-22
- Sunnylven skule: Årsplan for vurdering 2021-22
- Synnulven skule: Døme på vekeplan
- Synnulven skule: Døme på notat til kontakttimer
- Synnulven skule: Døme til spørsmål foreldresamtale

## VEDLEGG 3: EIGENVURDERING ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE LÆRINGS MILJØ

### EIGENVURDERING ELEVENE SITT PSYKOSOSIALE LÆRINGS MILJØ: SKOLENS FOREBYGGENDE ARBEID/INTERNKONTROLL,

### INDIVIDUELT RETTEDE ARBEID OG BRUKER MEDVIRKNING\_(Opplæringsloven §§ 9a-3, 9a-4, 9a-5, 9a-6 og kap. 11)

<b>FOREBYGGENDE ARBEID / INTERNKONTROLL</b> (jf. opplæringsloven §§ 9a-4 første ledd og 9a-3 første ledd)	Ja/ nei	<b>Skoleledelsens vurdering av situasjonen ved skolen – begrunnelse for svar i førre kolonne</b>	<b>Dokumentasjon, hendelser, redegjørelse etc. som kan bekrefte/underbygge svar</b>
1. Kan skolen dokumentere hvordan de jobber med det forebyggende arbeidet? (eks planer og rutiner)			
2. Har skolen satt seg mål for skolemiljøet <u>og</u> skolemiljørbeidet?			
3. Kan skolen dokumentere hvordan de evaluerer det arbeidet de gjør med skolemiljøet?			
4. Kan skolen dokumentere hvordan de skaffer seg kjennskap til den enkelte elevs opplevelse av skolemiljøet?			
5. Kan skolen dokumentere hvordan de følger opp de observasjonene de har gjort gjennom kartlegging/observasjon/samtaler?			
6. Er det klargjort hvem som har ansvaret for å gjennomføre tiltakene knyttet til det forebyggende arbeidet?			
7. Er skoleledelsen involvert i den daglige gjennomføringen av det systematiske skolemiljørbeidet?			
8. Har skolen definert hva de anser som krenkende atferd? (for eksempel i ordensreglementet)			
9. Kan skolen dokumentere hvordan de ansatte, elevene <u>og</u> foreldrene gjøres kjent med hva skolen anser som krenkende atferd? (for eksempel innholdet i ordensreglementet)			
10. Er det dokumentert at planene og rutinene etterleves i praksis?			
11. Er det dokumentert at planene og rutinene evalueres av skolen?			
<b>SKOLENS HANDLINGSPLIKTT (jf. § 9a-3 andre ledd)</b>			
12. Er de ansatte blitt gjort kjent med sin handlingsplikt?			
13. Undersøker de ansatte krenkende atferd når de har mistanke eller kunnskap?			
14. Kjenner de ansatte til innholdet i handlingsplikten?			
15. Har skolen rutiner for hva de skal gjøre når de har mistanke eller kunnskap om at en elev blir utsatt for krenkende ord eller handlinger?			
16. Griper de ansatte inn overfor krenkende atferd når de har mistanke eller kunnskap?			
17. Har skolen rutiner for varsling til skoleledelsen?			
18. Har skolens ledelse rutiner for hvordan varsling skal følges opp?			
19. Varsler de ansatte skoleledelsen når de får kjennskap/mistanke om krenkende atferd?			
20. Har skolens ansatte en felles forståelse av hva det skal varsles om?			
21. Har skolen rutiner for å fatte enkeltvedtak når de iverksetter tiltak som er av inngrifende karakter og bestemmende for elevens rettigheter og plikter?			
<b>ELEVENE/FORELDRENES RETT TIL Å BE OM TILTAK OG SKOLENS SAKSBEHANDLING (jf. § 9a-3 tredje ledd)</b>			
22. Fattes det enkeltvedtak ved skolen dersom foreldre/elever ber om tiltak knyttet til skolemiljøet?			
23. Håndteres henstillingen snarest mulig etter at de har kommet inn til skolen?			
24. Informeres foreldre/elev om sin rett til å få enkeltvedtak når de gjør en henstilling til skolen?			
25. Treffer skolen enkeltvedtak for alle henstillinger de får?			

26. Er de ansatte gjort kjent med sin plikt til å informere om retten til enkeltvedtak?			
27. Tar skolen i vedtakene stilling til den enkelte elevens rett etter § 9a-1?			
28. Er det skissert tiltak i vedtakene?			
29. Blir det opplyst om forvaltningslovens klageregler i vedtakene?			
<b>BRUKERMEDVIRKNING (jf. §§ 9a-5, 9a-6 og kap. 11)</b>			
30. Har skolen rutiner for å involvere elevene i skolemiljøarbeidet?			
31. Har skolen rutiner for å holde råd/utvalg orientert om forhold som har vesentlig betydning for skolemiljøet?			
32. Er det opprettet et skolemiljøutvalg med lovmessig sammensetting?			
33. Er det opprettet et samarbeidsutvalg med lovmessig sammensetting?			
34. Er det opprettet elevråd?			
35. Er det opprettet foreldreråd?			
36. Avholdes det jevnlige møter i de respektive brukerorganene?			
37. Blir skolemiljøsaker tatt opp i de respektive råd/utvalg?			
38. Opplever rådene og utvalgene at de får en reell mulighet til å uttale seg i de saker de blir forelagt?			

# MRR

## Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,  
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,  
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.